

STIFTELSEN SEILSKIPET STATSRAAD  
LEHMKHUL  
Bradbenken 2  
5003 BERGEN

Dato: 10.01.2019  
Vår ref.: 2018/7917-243  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

## Driftstønad til institusjonar/organisasjonar innan kunst-, kultur- og idrettsfeltet over Hordaland fylkeskommune sitt kulturbudsjett 2019

Fylkestinget vedtok årsbudsjettet for 2019 i møte 12.12.2018, sak 106/18 og har tildelt Seilskipet Statsraad Lehmkuhl eit driftstilskot for 2019 på

**kr 1.783.000,-** . Det er og løyvd **kr 1.300.000,-** som ein eingongssum i 2019 i tillegg til ordinært driftstilskot.

### FØRESETNADER FOR TILSKOTET:

- Til grunn for tilskotet ligg dykkar søknad. Eventuelle vesentlege endringar skal meldast til Kultur- og idrettsavdelinga.
- Den regionale kulturplanen er styrande for tildelingar.
- Det skal sendast inn rapport for tilskotet slik det vert omtala nærare i dette brevet.
- Det er ein føresetnad for tildelinga at krav til god økonomiforvaltning, kontroll og rapportering vert følgt.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta som føreset. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskotgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/Om-fylkeskommunen/Profilhandbok/Logo/>. Sjekk at de brukar Hordaland fylkeskommune sin gjeldande logo, og på rett måte.
- Det er ein føresetnad at tilskotsmottakarar som har opne, publikumsretta aktivitetar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følge.
- Vi gjer merksam på at dersom verksemda mottar meir enn 50 % av inntektene frå det offentlege, vert verksemda omfatta av "lov om offentlige anskaffelser".

### RAPPORTERING

Det skal sendast inn årleg rapport med rekneskap og årsmelding seinast innan 1. mai kvart år. Dersom årsrekneskap og årsmelding for 2018 ligg føre innan søknadsfristen 1. april 2019, ber vi dykk legge desse med som vedlegg til søknaden.

### UTBETALING

Om ikkje anna er avtalt vert tilskot betalt ut i løpet av 2.kvartal. Når det gjeld tilskot på meir enn 1 million skjer utbetaling 2 – 4 gongar årleg.

**KLAGE**

Det er ikkje klagerett på budsjettvedtak.

**SØKNAD FOR 2020**

Frå 1. januar 2020 vil Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune vera slått saman til Vestland fylkeskommune. Det må søkast om driftstilskot frå Vestland fylkeskommune.

Søknad om fylkestilskot for 2020 skal sendast Kultur- og idrettsavdelinga **innan 1. april 2019**.

Elektronisk søknads/registreringsskjema som er tilgjengeleg på <http://www.hordaland.no/nno/kultur/kunst--og-kulturutvikling/driftstotte-til-kunst-kultur-og-idrett/> skal nyttast. Her vil det bli lagt ut ytterlegare opplysningar om søknadsprosess, om dette skulle vera naudsynt. Vi vil oppmoda om at de vitjar nettsida i god tid før søknadsfrist.

Alle søkjarar må nytta gjeldande portal.

Søknaden vert handsama i budsjett 2020. Eit driftstilskot til ein einskildorganisasjon/-institusjon over fylkeskommunen sitt kulturbudsjett er ein eigen post i det årleg vedtekne totalbudsjettet. Ein søknad om støtte vert difor ein del av den totale budsjettprosessen. Endeleg budsjettvedtak vert gjort av Fylkestinget for Vestland fylkeskommune i desember 2019. Vedteke budsjett vert også lagt tilgjengeleg på nettsidene våre.

**REGIONAL KULTURPLAN**

*Premiss: Kultur Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025* legg føreseielege rammer for regionale satsingar innan museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kunstformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i åra fram mot 2025. Fylkeskommunen har ei regional utviklarrolle med eit særleg ansvar for å sjå dei ulike ressursane i samanheng. For å nå målet om Hordaland som leiande kulturregion inneber dette mellom anna at kultur skal vere integrert i utviklinga av alle samfunnsområde, med kvalitet i både tradisjonar og nyskaping. Handlingsprogrammet for 2015-2018, sist handsama i Fylkestinget 12.12.17, - PS 124/17, inneheld dei tiltaka som skal bidra til å nå målsetjingane i kulturplanen. Føresetnaden for det regionale driftstilskotet er at verksemda set seg inn i innhaldet i regional kulturplan og arbeider i høve dei målsetjingar og tiltak som den gir for det aktuelle feltet.

Fokus på barn og ungdom er ei gjennomgåande satsing i kulturplanen. Hordland fylkeskommune oppmodar difor om å legge til rette særskild for desse målgruppene.

Regional Kulturplan 2015 – 2025: [http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/kultur/hfk\\_kulturplan.pdf](http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/kultur/hfk_kulturplan.pdf)

Det vert elles vist til Fylkestinget sitt budsjettvedtak sak 106/18.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*